

Svar på spørsmål frå Arve Helle - Stenging av fylkesvegar

Arve Helle (A) har i e-post av 10.05.2020 sett fram følgjande spørsmål:

«Stenging av fylkesvegar utan omkøyringsmuligheiter er utfordrande. Elevar skal på skule, folk skal på jobb, fleire av dei har gjerne skiftarbeid, næringslivet er avhengige av å få fram sine leveransar og ein skal også ivareta beredskapen. Samstundes er slike stengingar av og til heilt nødvendige for å få gjort ulike tiltak. Eg er kjend med at gjenoppbygging av fylkesvegen mellom Osa og Ulvik, som vart tatt av ras, no er under planlegging.

Kva rutinar har administrasjonen for dialog med kommunane ved stenging av fylkesvegar der det ikkje er omkøyringsmuligheiter?»

Administrasjonen har ikkje på plass egne skrivne rutinar for varsling enno, men vi jobbar med dette. Me har vidareført den praksisen som Statens vegvesen hadde tidlegare for fylkesvegar, med at kommunar blir varsla både ved uføresette hendingar og i god tid ved planlagde hendingar.

Planlagde stengingar med varigheit over to timar legg vi i all hovudsak til nattestid. Det vert lagt opp til at rutegående trafikk og utrykkingskøyretøy kjem seg forbi. Det vert sendt ut pressemelding, varsel til kommunen og Vegtrafikksentralen (VTS) i god tid før stenging. Når ein veg må stengast på dagtid legg vi denne stenginga til eit tidspunkt på dagen der trafikken er minst. Dette gjeld stort sett for stengingar på under to timar.